

Geologi i nærområdet

Valenforkastninga

Forkastningar som strekkjer seg nord-nordvestover, styrer retninga av mange fjordar og sund langs vestlandskysten. Aust for Husnes tek ei av desse forkastninga turen på land.

Det går eit markant skilje mellom grunnfjellet sine granittgneisar i aust og glimmerskifer og fyllitt i vest.

Skiljet som blir kalla Valenforkastninga, går frå Valen til Langgota.

Forkastninga strekkjer seg vidare i begge retningar, men det er truleg her det har vore størst rørsle.

Halsnøysida har ramla ned opptil 500 – 1000 meter langs denne skiljelinja.

Vi veit at jordskjelv sjeldan fører til rørsler i berggrunnen på meir enn ein meter eller to.

Vi kan derfor gå ut frå at rørsla langs Valenforkastninga er eit resultat av hundrevis av jordskjelv opp gjennom tidene.


Ho kan framleis vera aktiv, noko jordskjelvaktivitetane i Sunnhordland vitnar om.

Sjøelve forkastninga, med knust og oppmale berg, er synleg ved ein bekk langs vegen sør for Langgota, ca 200 meter nord for vegkrysset til Husnesvågen, men er vanskeleg å finna.


VALENFORKASTINGA

Forkastingar som strekkjer seg nord-nordvestover, styrer retninga av mange fjordar og sund langs vestlandskysten. Aust for Husnes tek ei av desse forkastingane turen på land. Det går eit markert skilje mellom grunnfjellet sine granittgneisar i aust og glimmerskifer og fyllitt i vest. Skiljet, som blir kalla Valenforkastinga, går frå Valen til Langgota. Forkastinga strekkjer seg vidare i begge retningar, men det er truleg her det har vore størst rørsle. Halsnøysida har ramlane ned opptil 500-1000 meter langs denne skiljelina. Vi veit at

jordskjelv sjeldan fører til rørsler i berggrunnen på meir enn ein meter eller to. Vi kan derfor gå ut frå at rørsla langs Valenforkastinga er eit resultat av hundrevis av jordskjelv opp gjennom tidene. Ho kan framleis vera aktiv, noko jordskjelvaktiviteten i Sunnhordland vitnar om (®243). Sjølve forkastinga, med knust og oppmale berg, er synleg ved ein bekk langs vegen sør for Langgota, ca. 200 meter nord for første vegkrysset til Husnesvågen, men er vanskeleg å finna.



Oppknust berg i Valenforkastinga, sett under mikroskop. Bileteutsnittet er 4 millimeter breitt. (Haakon Fossen)



Valenforkastinga - ei viktig geologisk skiljelijne i Sunnhordland. (NGU/Haakon Fossen)

Frå Naturhistorisk Vegbok Hordaland
side. 260